

Til stades: Hilde Reitan - leiar, Helene M. Bolstad - nestleiar, Thor Hauknes, Kristian Hanto, Kjellbjørn Karsrud, Silje Solberg, Thomas Nilsen – 1.vara, Helene Høye – 2.vara, Ole Erik Feragen – 3.vara

Tid: 8.juni 2017 kl. 10-17.

Stad: Schous, Trondheimsveien 2 J, inngang Herslebsgate.

Referat

- Styresak 2017/36 Innkalling og sakliste
- Styresak 2017/37 Orienterings-, drøfting- og referatsaker
- Styresak 2017/38 Kriterium årets folkemusikkarrangør
- Styresak 2017/39 Fordeling av tilskot til rekrutteringsprosjekt (Dextra Musica)
- Styresak 2017/40 Møtekalender hausten 2017
- Styresak 2017/41 Eventuelt

Styresak 2017/36 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Styresak 2017/37 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

- a) Presentasjon av det nye styret – bli kjent.
- b) Gjennomgang av nokre rutinar.
- c) Rekneskapsrapport per 30.april 2017.
- d) Driftsrapport per 30.mai 2017.
 - a. Rådgeving/opplæring/service – oppsummering
 - i. Har orientert medlemsgruppene om nyttige fristar, kurs og seminar.
 - ii. Besøkt årsmøta til SAFFA, Sogn og Fjordane folkemusikklag, Telemark folkemusikklag, Hordalad folkemusikklag og fylkeskappleiken i Sogn og Fjordane.
 - iii. Oppdatering av Styreweb.
 - iv. FolkOrg har delt ut prisen for "årets lokallag 2017", som ble Vågå spel- og dansarlag.
 - v. Diverse oppfølging kring dommarseminara på Voss hausten 2017, i samarbeid med Ingrid Heieren og Silje Solberg.
 - b. Formidling og arrangement – oppsummering:
 - i. Landsfestival i gammaldansmusikk og Landskappleik:
 1. Arrangementsapper for Landskappleiken og Landsfestivalen er oppdatert med ny layout og nytt innhald
 2. Nye nettsider for Landskappleiken og Landsfestivalen er no lanserte, dei er mobiltilpassa. Det er også oppretta underdomener for neste års arrangement
 3. Tevling.folkorg.no er oppdatert og fungerer veldig bra.
 4. Søkt støtte til og planlegg promofilm for Landskappleiken.
 - ii. Folkelarm
 1. Oppdatert layout for nettsida.
 2. Søknadsperioden for showcase Folkelarm 2017 er ute og vi fekk inn 140 søknadar, ei lita auke frå 2016. Juryen er i gong med utvalet.
 3. Folkelarmpris: Opnar for påmelding i juni, med frist 1.september. Juryen er klar.
 4. Arbeidet med frivillige er i gong, mellom anna med samarbeid med Westerdals.
 5. Arbeidet med internasjonale delegater er i gong.
 6. Arbeidet med seminar er i gong.
 7. Oslokappleiken vert ein del av Folkelarm også i 2017.
 - iii. INTROfolk: vi har sendt søknad til Kulturrådet.
 - c. Informasjon og opplysning – oppsummering:
 - i. Folkemusikk – magasinet:

1. Nr 2 vart utgitt i veke 20.
2. Annonsesalet er framleis bra.
3. Vervekampanjen held fram.
- ii. Generelt informasjonsarbeid:
 1. Etter innspel frå Landsmøtet har vore meir aktive i sosiale media, dette har vi fått god respons på! På FolkOrg si Facebook-side har vi auka følgjartalet frå 2321 til 2458. På generelt grunnlag for den sida har vi i mai hatt auke i tal sidevisningar, rekkevidde og innleggsengasjement på gjennomsnittleg 153%.
 2. Det er oppretta ei artikkel for internasjonale festivalar 2017 som ligg på framsida på folkorg.no, det kom som eit konkret ønske på Landsmøtet. Denne er delt i sosiale media, og vert oppdatert om det kjem innspel om fleire aktuelle festivalar.
 3. På framsida til folkorg.no har vi no ein seksjon for "lokallagsnytt" og "lokalkappleiker", der oppdaterer vi jamleg med ny informasjon som me får frå lokallaga våre.
- d. Påverknad/samarbeid – oppsummering:
 - i. Vi arrangerte politikardebatt under Landsmøtehelga.
 - ii. Vi deltok på Musikkindustriens næringsråd sitt innspelsmøte om den nye Kulturmeldinga og kom der med eit førebels innspel. Vi var også til stades på Kulturdepartementets oppstartskonferanse om same tema. Dette arbeidet vert viktig framover.
 - iii. Vi var til stades under Norsk musikkråd og Musikkens studieforbunds felles landsmøtehelg i Molde 19.-21.april. Under seminara på fredag var vi beden om å halde innlegg om FolkOrg sitt arbeid med visuell profil for å skape ein felles identitet.
- e) **Særskilde satsingar**
 - a. **Rekruttering**
 - i. Vi har handsama innkomne søknader til Dextramidlene.
 - ii. Vi har gjort ei førebels vurdering av innkomne søknader til FolkOrg si rekrutteringsstøtte.
 - b. **Info/synlegheit/formidling**
 - i. Problemstillinga kring det å arbeide for at folkemusikk og folkedans er ein naturleg del når norsk kultur skal presenterast, vart løfta før, under og etter politikardebatten landsmøtehelga.
 - c. **Det profesjonelle feltet**
 - i. Vi har hatt møte med Music Norway om ei mogleg satsing på folkemusikk fram mot bokmessa i Frankfurt i 2019.
 - ii. Vi var på Nordic Showcase i Helsingborg, der vidare nordisk samarbeid vart diskutert.
- f) Eventuelt.

Vedtak: Styret tok orienterings- og referatsakene til orientering.

Styresak 2017/38 Kriterium årets folkemusikkarrangør

Vedtak:

- a) *Premie, juryarbeid og dekking av overnatting og reise for dei nominerte i årets folkemusikkarrangør vert ikkje endra. Prisen delast ut under Folkelarm i november.*
- b) *Framlagt framdriftsplan vert vedteke.*
- c) *Kriterium for prisen for årets folkemusikkarrangør 2017:*
- d) *FolkOrg vil gi prisen for årets folkemusikkarrangør 2017 til ein arrangør som har evne til å skape interesse og entusiasme for dansen og musikken, gjennom gode arrangement.*

Styresak 2017/39 Fordeling av tilskot til rekrutteringsprosjekt (Dextra Musica)

Vedtak:

FolkemusikkUNG i Valdres	125 000 kr
FolkRekrutt	100 000 kr
TØFT	100 000 kr
Rekrutteringsprosjekt folkemusikk og folkedans i Rogaland	100 000 kr
Nøringen	75 000 kr
Follofeler	Ikkje innvilga støtte
TeleFolk	Ikkje innvilga støtte
Juniorklubben	Ikkje innvilga støtte
Stev, song og dans i Setesdal	Ikkje innvilga støtte
Morgondagens spelemenn	Ikkje innvilga støtte

Styresak 2017/40 Møtekalender hausten 2017

Vedtak:

Styremøte 2017/05 er sett til 29.september kl. 10-17 på Voss, med start om kvelden 28.september.

Styremøte 2017/06 er sett til 7.-8.desember (start på kvelden 7.desember kl. 19) i Trysil.

Styresak 2017/41 Eventuelt

Mandat til arbeidsgruppa for Tono-vederlag til tradisjonsmusikarar

Vedtak:

a) Mandat til arbeidsgruppe, vederlagsordningar for tradisjonsmusikarar (TONO)

Arbeidsgruppa består av Åshild Vetrhus, Tellef Kvifte og Karl Seglem

Arbeidsgruppa skal innhente tall frå TONO på kor mykje som registrerast av avspeling av tradisjonsmusikk på festivalar og konsertar, samt registrerte tradisjonsmusikkverk.

Arbeidsgruppa har fullmakt til å gå i dialog/forhandlingar med TONO på vegne av FolkOrg, med mål om å endre vilkåra for utbetaling av vederlag til tradisjonsmusikarar. Arbeid som er gjort i NFD og løysingar som finnes i andre land kan være et godt grunnlag for dette arbeidet.

Desse økonomiske rammene gjeld for arbeidet:

Det er sett av en rund sum på 50 000,- i 2017 og om det skulle vere trong for det, er det også sett av 30 000,- i 2018.

Framdriftsplan for arbeidet lagast i dialog med arbeidsgruppa.

b) AU får fullmakt til å justere mandatet etter innspel frå arbeidsgruppa.